



KONTROLLUTVALET I KLEPP

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2008 - 2011



Vedtatt av kommunestyret 16.06.2008

INNHALDSLISTE

1.	<u>BAKGRUNN</u>	3
2.	<u>LOVHEIMEL FOR SELSKAPSKONTROLL</u>	4
3.	<u>SELSKAPSKONTROLLENS INNHALD</u>	5
4.	<u>KOMMUNAL EIGARSTRATEGI</u>	6
5.	<u>FORMER FOR SELSKAPSKONTROLL</u>	7
6.	<u>FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP</u>	
7.	<u>NÆRMARE OM FORSKJELLIGE SELSKAPSTYPAR OG SELSKAPSKONTROLL</u>	7
8.	<u>OVERSIKT OVER KOMMUNALT EIGARSKAP I SELSKAP</u>	9
9.	<u>PLAN FOR GJENNOMFØRING AV SELSKAPSKONTROLL</u>	10
10.	<u>RAPPORTERING AV GJENNOMFØRTE SELSKAPSKONTROLLAR/OPPFØLGING/RULLERING AV PLANEN</u>	11
11.	<u>KJELDER</u>	11
a.	Vedleggsoversikt	11

1. BAKGRUNN

Kommunane har i lang tid gjort bruk av fristilne organisasjonsmodellar som selskap, stiftelsar og liknande. Utviklinga synest å gå i retning av stadig aukande bruk av fristilne organisasjonsformar. Denne utviklinga har ført til ei meir kompleks og fragmentert organisering av den kommunale verksemda. Det inneberer utfordringar både når det gjelder styring og kontroll og tilsyn.

Med bakgrunn i ovanfor nemnde problemstilling har Kommunelovens § 77 nr. 5 gitt kontrollutvalet ansvar for å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskap m.v. Bestemminga må sjåast i samanheng med kommuneloven § 80 om selskapskontroll, som gir kontrollutvalet og kommunens revisor rett til å krevja dei opplysningar som ein finn påkravd for sin kontroll i interkommunale selskap etter lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999, eller i aksjeselskap der ein kommune/fylkeskommune aleine eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar eig alle aksjar, og i heleigde dotterselskap av slike selskap. Kommuneloven opnar også for at kommunestyret kan vedta at det skal utførast forvaltningsrevisjon i slike selskap (kommunalt/fylkeskommunalt heleigde selskap).

Det vises også til *Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner av 15.06.04*.

Det er kontrollutvalet sjølv som iflg. Kommunelovens bestemmingar har det nærmare ansvar for å gjennomføra selskapskontrollar. I dette ligg at kontrollutvalet har ansvar for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av selskapskontroll, og at kontrollutvalet har ei ”bestillarrolle” i samband med gjennomføring av selskapskontrollar på bakgrunn av planen. Tredje ledd bestemmer at kommunestyret vedtar planen.

Plan for selskapskontroll vart for første gong utarbeidd i 2005. Kontrollutvalet skal iflg. forskriftene sørgja for at det vert utarbeidd ny plan for gjennomføring av selskapskontrollar for kommunestyreperioden seinast innan utgangen av året etter at nytt kommunestyre er konstituert.

I kommunalt/fylkeskommunalt eigde selskap med mange eigarar som kvar for seg gjennom sine kontrollutval kan krevja innsyn i selskapet for å gjennomføra selskapskontroll etter denne bestemminga, kan det være hensiktsmessig at slikt innsyn blir samordna gjennom avtale mellom deltakarane/eigarane. Kontrollutvalet vil arbeida for ei slik samordning der det er mulig.

Denne planen gjeld for kommunestyreperioden 2008 – 2011, eller til ny plan ligg føre.

2. LOVHEIMEL FOR SELSKAPSKONTROLL M.M.

Kommunelovens § 77.5:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kommunelovens § 80:

I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datterselskaper til slike selskaper, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.

Forskrift om kontrollutvalg §§ 13 – 15:

Forskriften inneholder både et pålegg om å utføre kontroll av forvaltningen med kommunens eierskap i selskaper, samt et krav om at det skal utarbeides en **plan for selskapskontroll**.

§ 13. Selskapskontroll

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.

§ 14. Selskapskontrollens innhold

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).

Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

§ 15. Rapportering om selskapskontrollen

Kontrollutvalget fastsetter selv hvordan utført selskapskontroll skal rapporteres til utvalget, herunder hvilket innhold slik rapport skal ha. Et selskap som er omfattet av selskapskontrollen, og den som utøver kommunens eierfunksjon, skal alltid gis anledning til å gi uttrykk for sitt syn på de forhold som omtales i rapporten. Eventuelle kommentarer skal fremgå av rapporten.

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av selskapskontroll skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke kontroller som er gjennomført samt om resultatene av disse.

3. SELSKAPSKONTROLLENS INNHOLD

Utgangspunktet for eigarskapskontrollen er kommunestyret sitt føremål og intensjon med det enkelte selskap. Det vil gå fram av kommunens eigarskapsmelding/sak i samband med etablering av selskapet. Eigarskapskontrollen bør vidare byggja på ein gjennomgang av informasjonen frå selskapet sjølv eller frå den som representerer kommunes eigarinteresse i selskapet.

Selskapskontrollar i form av eigarskapskontroll er den lovpålagte delen av kontrollen. Det vil i tillegg kunne gjennomførast forvaltningsrevisjon, som er ei valfri oppgåve. Selskapskontrollen omfattar likevel ikkje ein regelmessig kontroll med forretningsmessige disposisjonar, det er styret sitt ansvar.

Ved eigarskapskontroll skal den enkelte verksemda vurderast ut frå eit eigarperspektiv. Inn under dette kjem og i kor stor grad den som utøvar kommunens eigarinteresser gjer dette i tråd med aktuelle vedtak, føresetnader og regelverk.

Kommunen ønskjer å ivareta følgjande formål med selskapskontrollen:

- sikra at dei reglar som gjeld innafor vedkomande organisasjonsform og verksemdsområde vert etterlevd i dei verksemdar som faller inn under lov- og forskriftspålagt selskapskontroll. I tillegg til å etterleva selskapslovgivinga vert det sett på som særleg påkravd å sikra at *Lov om offentlige anskaffelser* vert overhalden. Vidare er etikk, samt arbeidsmiljø- og miljøvern lovgivingas reglar i verksemdar som er kommunalt eigd, eit viktig kontrollaspekt
- kontrollera om den som tek vare på kommunens eigarinteresse utøvar myndigheita på den måten som er fastsett i den aktuelle verksemdslova, og tek vare på kommunens interesser og kommunestyrets vedtak og føresetnader vedrørande forvaltninga av eigarinteressene (eigarskapskontroll)
- streba etter å vera bevisst på kva kommunen ønskjer å oppnå ved å etablere verksemdar, eller ved å erverva eller eiga eigardelar i verksemdar, aleine eller saman med andre eigarar/ deltakarar
- vurderer økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader i dei selskap der dette vert særskilt bestemt (forvaltningsrevisjon)

Ein del av kontrollen vil i første omgang vera å sjå til at kommunen har rutinar for å følgja opp eigarinteressene ved at det vert føretatt kontroll.

Det ligg ikkje i selskapskontrollen å foreta kontroll med forretningsmessige disposisjonar, då dette faller inn under styrets ansvar.

Det vert elles vist til Plan for forvaltningsrevisjon for oversikt over selskap der kontrollutvalet ønskjer å gjennomføre slik revisjon.

4. KOMMUNAL EIGARSTRATEGI - EIGARSKAPSMELDING

I desember 2006 la Regjeringa frem si eigarskapsmelding; St. melding nr. 13 (2006-2007) ”Et aktivt og langsiktig eierskap”. Her vert m.a. problemstillingar som ein offentlig eigar møter trekt fram, for eksempel eigarrolla vs. rolla som myndigheitsutøvar. Det vert òg fokusert på behovet for og måten ein offentlig eigar kan utøva ein aktiv og langsiktig eigarstrategi på. Samtidig ønskjer ein å setta klare mål for føremålet med sitt eigarskap slik at dette er tydelig for selskapets styre. Problemstillingane har klar relevans også for kommunens utøving av sitt eigarskap og innretninga av dette framover.

Klepp kommune har utarbeidd forslag til eigarskapsmelding for sine selskap. Denne vart vedtatt i kommunestyret i februar 2008. Det blir her framheva at ein meiner det vil vera viktig å få etablert rutinar for dialog med selskap der kommunen har eit eigarskap, og at formannskapet og hovudutvala bør vurdera om dei ein gong i kvar valperiode bør leggja fram ei melding til kommunestyret om eit eller fleire av desse selskapa. Det vert elles vist til kap. IV i kommunestyresak 05/08.

Som tidligare nemnt er hovudformålet med selskapskontrollen *eigarskapskontrollen*. Det vil seie å kontrollera om den som utøvar kommunens eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med kommunestyrets vedtak og føresetnader. I denne samanhengen vil ein vedtatt eigarstrategi vera eit viktig reiskap.

5. FORMER FOR SELSKAPSKONTROLL

Obligatorisk eigarskapskontroll

Den lovpålagte kontrollen er den såkalla eigarskapskontrollen. Eigarskapskontrollen omfattar følgjande:

- kontroll ved selskapsetablering
- kontroll av at den som utøver kommunens eigarinteresse følgjer reglane i den aktuelle verksemdsloven og anna bakgrunnslovgivning
- kontroll av at den som utøver kommunens eigarinteresse opptrer i samsvar med kommunens vedtak og føresetnader (forvaltninga av kommunens eigarinteresser)

Valfri forvaltningsrevisjon

Det er ikkje eit krav om gjennomføring av forvaltningsrevisjon av kommunalt eigde selskap. Kommunen har imidlertid høve til å gjennomføra forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon antas å vera særleg aktuelt i selskap som produserer velferdstenester på vegne av kommunen. Forvaltningsrevisjon omfattar følgjande:

- systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader (kontroll av sjølve aktiviteten i selskapet)

Forvaltningsrevisjon skal utførast i høve til kap.3 i forskrift om revisjon og i høve til god kommunal revisjonsskikk. Her inngår bl.a. risiko og vesentligheitsvurderingar som ein viktig del.

6. FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

Kommunelovens § 80 andre ledd gir kommunestyret høve til å fastsetja egne reglar for kontroll av selskap som er nemnt i lovens første ledd (selskap av typen IKS og offentlig heileigde aksjeselskap). Det er bestemminga i § 80 andre ledd som opnar for at det kan utførast forvaltningsrevisjon i desse selskapa. Kontrollutvalet legg fram regler for selskapskontroll for kommunestyret saman med Plan for selskapskontroll.

Kontrollutvalet vil i høve til forslag til reglar ved bestilling av nye prosjekt vurderast for kvart prosjekt om det er ønskelig å gå nærmare inn i selskapet for å utføra forvaltningsrevisjon. Med dette meinas at det kan gjerast vurderingar i tilknytning til økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader for selskapet.

7. NÆRMARE OM FORSKJELLIGE SELSKAPSTYPAR OG SELSKAPSKONTROLL

Det kommunalt/fylkeskommunalt heileigde selskap og heileigde dotterselskap av desse som er aktuelle for selskapskontroll. Det er først og fremst IKS-ar (interkommunale selskap) og kommunalt/fylkeskommunalt heileigde selskap og heileigde dotterselskap av desse som er omfatta av bestemmingane i kommunelovens § 80 om selskapskontroll.

For oversikt over det enkelte selskaps formål (formålet med eigarskapet i selskap der det er fleire eigarar er tatt frå eigarskapsmelding i andre kommunar der slik melding ligg føre. Formålet vil stort sett vera dei same for alle eigarane i eit selskap) vert det vist til meir utfyllande opplysningar i eige vedlegg.

Selskap som er omfatta av Kommunelovas § 80 om selskapskontroll:

Interkommunale selskap vil alltid være heileigde av kommunane, og er derfor omfatta av lovreglane om selskapskontroll i Kommunelovens § 80.

Når det gjeld aksjeselskap, er det **kommunalt/fylkeskommunalt heileigde selskap og heileigde dotterselskap** av desse som er aktuelle for selskapskontroll i høve til Kommunelovens § 80.

Selskapstypar som *ikkje* er omfatta av reglane om selskapskontroll:

I **aksjeselskap med private eller statlege eigarar** er kommunens innsynsrett avgrensa til den innsynsrett i selskapet som dei øvrige aksjeeigarane har. Kontrollutvalet sitt ansvar vil her vera å sjå til at kommunen sjølv foretar ein eigarskapskontroll der ein ser til at den som representerer kommunen på generalforsamlinga har utøvd sin stemmerett i samsvar med kommunestyrets føresetnader og vedtak. Sjå vedlegg for oversikt over aktuelle selskap.

Interkommunale samarbeid etter kommunelovens § 27 vil også alltid vera heileigd av kommunane. Inntil vidare har desse ikkje vore aktuelle for selskapskontroll. Dette heng saman med at *Kommunelovens § 80* eller *Forskrift om kontrollutvalg* ikkje omtaler denne samarbeidsforma. Dersom det skulle koma endringar vedr. slike samarbeid, vil det bli gjort endringar i planen for å tilpassa dette. For Klepp sin del vil dette gjelda Jæren Friluftsråd IS.

Vertskommunesamarbeid etter kommunelovens § 28a er også heileigd av kommunane, og underlagt vertskommunen. Dei er derfor ikkje aktuelle for selskapskontroll. Ein er ikkje kjent med at Klepp kommune har slike samarbeid.

Kommunale føretak er ein del av kommunens ordinære drift, og er derfor ikkje omfatta av reglane om selskapskontroll. Også desse selskapa vert omfatta av bestemmingane om forvaltningsrevisjon. Det er ikkje kommunale føretak i Klepp kommune.

Kommunen har også medlemskap i ein del **stiftelsar** (sjå vedlegg). Ein stiftelse er ikkje eit selskap som vert eigd av kommunen. Ein stiftelse skil seg frå dei andre selskapsformene ved at den ikkje har eigarar eller deltakarar. Då stiftelsen er sjøveigande, er den derfor ikkje omfatta av reglane om selskapskontroll. Stiftelsane har sin eigen tilsynsordning; Stiftelsestilsynet. Dersom kommunen kjøper tenester frå ein stiftelse, kan både kjøp av teneste, kontraktar og leveransar vera mulige forvaltningsrevisjonsprosjekt.

8. OVERSIKT OVER KOMMUNALT EIGARSKAP I SELSKAP

Selskap som er omfatta av Kommunelovas § 80:

Aksjeselskap:

Namn:	Eigardel:	Merknad
Klepp Energi AS	100%	
Lyse Energi AS	4,229%	Har fleire heilegde dotterselskap
Jæren Industripartner AS	33,33%	
Allservice AS	0,37%	
Nord-Jæren Bompengeselskap	16,67%	
Allservice AS	< 1%	

Interkommunale selskap:

Namn	Eigardel
IVAR IKS	5,69%
Interkommunalt arkiv IKA IKS	6,08%
Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS	3,2%

Selskap som ikkje er omfatta v kommunelovas § 80:

Interkommunale samarbeid som er egne rettssubjekt (KL § 27):

Namn:	Eigardel	Merknader:
Jæren Friluftsråd IS		Tal medl. i repr.skapet avspeglar eigardelen

Interkommunale samarbeid er inntil vidare omfatta av reglane om selskapskontroll.

Aksjeselskap med private eigarar:

Selskap	Eigardel	Merknader
Fagforum Mat og Drikke AS	5 aksjar	Har private eigarar
Forus Industrier AS	8 aksjar	Har private eigarar
Stavangerregionen Næringsutvikling AS		Har private eigarar

Kontrollutvalets oppgåve er i høve til KL. § 77.5 å påse at kommunen sjølv fører kontroll med sitt eigarskap i desse selskapa.

9. PLAN FOR GJENNOMFØRING AV SELSKAPSKONTROLL

Prioritering

Selskapskontrollen bør på generell basis prioriterast etter følgjande kriterium:

1. Selskap som gir eit direkte tenestetilbod til kommunens innbyggjarar
2. Selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
3. Selskap som leverer verksemdskritiske tenester til Klepp kommune
4. Selskap som er heileigd av Klepp kommune
5. Selskap der Klepp kommune har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen

Kriteria er fastsett ut frå to omsyn: fokus på brukarperspektivet og fokus på økonomiske interesser. Desse omsyna er i samsvar med kommunaldepartementets merknader. Nedanfor følgjer ei uprioritert liste over dei selskapa som er mest aktuelle for selskapskontroll i den kommande perioden.

Aktuelle selskap

Kontrollutvalet har i den føregåande perioden bestilt/gjennomført selskapskontroll i desse selskapa:

- Lyse Energi AS

Andre eigarkommunar har i tillegg gjennomført selskapskontroll i

- Jæren Industripartner AS
- Allservice AS

i den føregåande perioden.

Ein av eigarkommunane (Stavanger) gjennomførte i forrige periode selskapskontroll i IVAR IKS. Det har imidlertid kome signaler frå øvrige eigarar om at det ønskjeleg med ein ny kontroll av dette selskapet, då det er av stor betydning for mange av eigarane.

Desse selskapa vert prioritert for selskapskontroll i perioden (uprioritert):

I følgjande selskap aktuelle for selskapskontroll har det ikkje vore gjennomført kontroll:

- Klepp Energi AS
- IVAR IKS
- Brannvesenet Sør-Rogaland IKS
- Interkommunalt arkiv (IKA) IKS

Kontrollutvalet vert gitt mynde til å avgjera kor mange selskapskontrollar som skal gjennomførast i planperioden, samt å foreta endelige prioriteringar saman med evt. andre eigarkommunar. Gjennomføring av selskapskontroll må alltid sjåast i samanheng med tilgjengelege budsjettmidlar.

Dersom spesielle tilhøve oppstår kan det òg bli aktuelt å gjennomføra ny selskapskontroll i selskap som tidlegare har vore gjennomgått.

10. RAPPORTERING AV GJENNOMFØRTE SELSKAPSKONTROLLAR/ OPPFØLGING OG RULLERING AV PLANEN

Kontrollutvalet vil i samhøve med kontrollutvalgsforskriftens § 15 gi rapport til kommunestyret om kva for kontrollar som er gjennomførte samt resultat av desse. Dette vil skjje ved at rapportane vert vidaresend kommunestyret for sluttbehandling fortløpande.

Det er ingen lovpålagt oppfølging av eigarskapskontrollen. Det er likevel naturleg at kontrollutvalet forventar at kommunen/selskapet tar stilling til dei vurderingar og anbefalingar som ligg føre. Selskapskontrollar med forvaltningsrevisjon vil bli lovmessig fylgt opp av kontrollutvalet og rapportert på lik linje som annan forvaltningsrevisjon, sjå eigen plan.

Iflg. *Forskrift om kontrollutvalg* vil kontrollutvalets mynde til å foreta eventuelle endringar i den vedtekne planen vera avhengig av kva for rammer kommunestyre har sett. Kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å foreta nødvendige endringar i planperioden..

Dersom ikkje spesielle tilhøve oppstår som tilseier at planen vert rullert straks, bør den gjennomgåas midt i perioden for å vurdere om det er behov for justeringar. Det kan vere dersom det er endringar i selskapsstrukturen, eller dersom forhold oppstår som tilseier at ein ønskjer å gjennomføra ein selskapskontroll med forvaltningsrevisjon som ikkje er prioritert i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet gis mynde til sjølv å rullera planen dersom ekstraordinære forhold tilseier at det skulle vera nødvendig.

Ny plan vil lovmessig bli utarbeidd ved ny kommunestyreperiode. Denne planen gjeld for perioden 2008 – 2011, eller til ny plan ligg føre.

11. KJELDER

Bråthen/Frydenberg/Rogndokken: Tilsyn og revisjon i kommunal sektor (Norges kommune-revisorforbund 2007)

Kontrollutvalget – fokus på kvalitet – KS/NKRF 2007

Veileder i selskapskontroll – NKRF 2005/anna materiale frå NKRF

Vedtatt Plan for selskapskontroll - 2005

Stavanger kommunes eierskapsmelding

Vedlegg:

Oversikt over aktuelle heleigde selskap med opplysningar frå kommunens eigarskapsmelding
Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av bestemmingane om selskapskontroll